

Per Gunnar Løset

Dykkar referanse:

Vår referanse:
24/1224, 24/5626Arkivkode:
L13Dato:
13.05.2024**Lausundet Fv 659 - Referat fra oppstartsmøte detaljregulering****Plannamn – Lausundet gbnr ~~X/X~~ Fv. 659-Lepsøy - Detaljregulering****REFERAT FRÅ OPPSTARTMØTE**

Planidentifikasjon/ arkivsaks-nr.	2024007 24/1224
Sakstittel	Lausundet Fv. 659 - Detaljregulering
Møtedato og møtestad	Torsdag 18.04.2024 kl. 10.00-12.00
Møtedeltakarar/rolle	<u>Frå Haram kommune</u> Hege Gjøsund (plan) Bente Leite (avd. leiar plan) Karl-Håkon Farstad Eriksen (Veg) Ina Alvestad (Vatn) Øyvind Krogsæter (avlaup) Jan Kristian Skåravik (Eigedom) Inger Synnøve Remme (Næringssjef) <u>Frå forslagsstillar</u> Forslagsstillar er Møre og Romsdal fylkeskommune Per Gunnar Løset, Plan og trafikkseksjonen Sunniva Berntsen Eide, Plan og trafikkseksjonen Mads W. Brevik, Plan og trafikkseksjonen
Stadnamn, gbnr.	/ området har ikkje fått gbnr enda, fyllast inn seinare
Plantype, plannamn	Detaljregulering for Lausundet gbnr XX Fv. 659- Lepsøy
Forslagsstillar si beskriving av planinitiativet	<i>Jf. planinitiativ - FOR §1 2. ledd bokstav a – f:</i> 1. <i>Formål med planen</i> Detaljplanen skal bidra til betre kommunikasjon, via reguleringsplan og realisering av Nordøyvegen. Arealet skal nyttast til samferdselsformål, betre kommunikasjons-tilbodet og redusere avstandsulempene. 2. <i>Planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet.</i>

Postadresse:

Postboks 33
6282 BrattvågE-post: postmottak@haram.kommune.no

Telefon:

Sentralbord: 70 20 75 00

Direkte: «Sbr_Tlf»


Nettside:

haram.kommune.no

Organisasjonsnummer:

829 912 252

	<ul style="list-style-type: none"> • Landskapsbilete: Planforslaget vil bidra til å forbetre det visuelle inntrykket av den store fyllinga som er etablert. Det bør leggest til rette for grøntareal. • Natur og miljø: Planområdet ligg innafor eit område for dyrelivsfreding og inntil fuglefredingsområde ved Lepsøyrevet. I følge føresegnene til verneområda skal dei ikkje være til hinder for bygging av Nordøyvegen. Heile planområdet er teke i bruk til vegar og fylling og har slik ikkje vesentlege andre naturverdiar. • Kulturminne: Det er ikkje registrert kulturminne innafor planområdet. • Grunnforhold: I samband med bygginga av Nordøyvegen ble det gjort grunnboringar som viser at det i hovudsak er noko sand i øvre lag av sjøgrunnen, men vidare faste massar ned til berg. Fylling på sjøgrunnen kan tilseie fare for setningar i grunnen, som det må takast høgde for i byggesak. • Miljøforhold: Planen må omtale løysing for behandling av utslepp frå området. Utslepp krev løyve etter forureiningslova. I området lengst nord, inn mot Lepsøya, er det påvist miljøskadelege stoff i sjøgrunnen, som i samsvar med anbefalingar er dekte til med eit lag med sand før fylling med andre grovare massar. • Trafikkforhold: Bidra til ein trygg tilkomst til området, eit ryddig og trygt område for parkering og busshaldeplass og god trafikktryggleik for gåande og syklende gjennom planområdet. • Teknisk infrastruktur: Planforslaget må omtale løysing for vassforsyning, brannvatn, avløp og overvasshandtering. • Universell utforming: Prinsippa for universell utforming skal leggest til grunn, særleg viktig i høve kollektiv-knutepunktet. • Økonomiske konsekvensar: Møre og Romsdal fylkeskommune er tiltakshavar og har økonomisk ansvar for gjennomføring av samferdselstiltak knytt til fylkesveg. Område som er regulert til industriområde ligg utanfor fylkeskommunens primære interesser og fylkeskommunen vil vurdere å avhende areal som ikkje blir regulert til samferdselstiltak. • Verknadar utanfor planområdet: Det er ikkje venta vesentlege verknadar utanfor planområdet ut over det som følger med gjeldande reguleringsplan <p>3. <i>Planlagde bygg, anlegg og andre tiltak</i> Avkøyrsløse, gang-, sykkelveg, haldeplass med bussskur, snuplass for buss, 32 parkeringsplassar for privatbilar og ein for vogntog, riggområde på ca. 3,5 daa, rasteplass.</p>
--	---



Figur 1. Skisse innsendt med planinitiativ

4. *Utbyggingsvolum og byggehøgde*
Ikkje presisert, men det skal byggast servicebygg og evt. lagerhall.
5. *Funksjonell og miljømessig kvalitet*
Ikkje nemnt.
6. *Tiltaket si verknad på, og tilpassing til, landskap og omgivningar*
Nemnt litt under verknadar av planforslaget – det meste vert ei forbetring, då området ikkje er naturleg landskap, men ei fylling. Ein må forsøke å tilpasse det omkringliggjande landskapet, med mjuke former og tilbakeføring av grønt miljø mm.

Fylkeskommunen opplyser at dei ikkje har behov for det største arealet på 30 daa. Bruk av dette området må avklarast i planprosessen. For fylkeskommunen kan området framleis vere avsett til industri, MRFK er grunneigar på størstedelen av arealet.


Framlagt materiell

- Planinitiativ
- Skisse datert 16.02.2024

PLANFØRESETNADAR

Gjeldande plangrunnlag for området


Kommunedelplanen
sin arealdel



Figur 2. Utsnitt kommuneplan Haram (2019-2031), planområdet som skal regulerast markert med svart stipla linje

Området som skal regulerast er i kommuneplan Haram (2019-2031) avsett til formål næring (BN) og vegformål. Der er fleire omsynssoner i planområdet:


- Andre sikringssoner (restriksjonssone Ålesund lufthamn)
- Ras-skredfare sone – marine leire
- Bandleggingssone – etter lov om naturvern
- Detaljeringssone -Reguleringsplan skal framleis gjelde
- Faresone – høgspent

<p>Reguleringsplan</p>	 <p>Figur 3. Utsnitt gjeldande reguleringsplan – Nordøyvegen delområde 1, planområdet merkt med svart stipla linje.</p> <p>Reguleringsplan for Nordøyvegen- delområde 1-Skjeltene-Lepsøya-Austnes, vedteken 19.09.2013 (plan ID: 153420110007).</p> <p>Området er i gjeldande detaljplan regulert til formål <i>Industri</i>, der er regulert ein gangveg rundt ytterkant av området. Området som skal regulerast er markert med svart stipla linje.</p>
<p>Pågåande planarbeid</p>	<p>Der er ikkje anna planarbeidet i nærområdet</p>
<p>Andre føringar (statlege, regionale og kommunale)</p>	<p>Aktuelle rikspolitiske/statlege retningslinjer for planarbeidet, litt avhengig av korleis dei 30 daa i planen vert utvikla:</p> <ul style="list-style-type: none"> • for samordna areal- og transportplanlegging • for styrking av barn og unge sine interesser i planlegging • for klima- og energiplanlegging • differensiert forvaltning av strandsone langs sjøen • for behandling av støy i arealplanlegging T-1442 • for flaum- og skredfare i arealplanar
<p>Forhold til arealplanar i området*</p>	<p>Planinitiativet er ikkje i samsvar med overordna kommuneplan, som er næring. Området som skal regulerast var allereie regulert frå før, i det arbeidet med kommuneplanen sin arealdel kom i gong. Det vart ikkje vurdert endring av arealbruk i overordna plan, ein valde å vidareføre gjeldande regulering for området. No i ettertid kan behova ha endra seg.</p> <p>Administrasjonen er open for å endre arealbruk gjennom detaljregulering, etter ei vurdering av kva behova er i dag og innspel i ein planprosess. Delar</p>

	<p>av området har fylkeskommunen behov for, desse behova er knytt til samferdsel og drift/vedlikehald av veganlegga på Nordøyane. Arealet elles (ca. 30 daa daa) må avklarast arealbruk for. Om det skal ligge som industri, eller om ein bør endre arealbruk. Området er inngangsporten til Lepsøy, ligg ope til i landskapet og er tilgjengeleg frå fastlandet med sykkel og gange.</p> <p>Verknader for andre planar og pågåande planarbeid i området: Der er ikkje andre planarbeid pågåande i området. Ei omregulering av omsøkt areal vil vere omregulering av ein avgrensa bit av ein gjeldande reguleringsplan for Nordøyvegen del 1.</p>
<p>Krav om konsekvensutgreiing/planprogram*</p>	<p>Området er regulert frå før i gjeldande plan Nordøyvegen delområde 1 (2013). Det vart den gong gjort greie for ROS-forhold og konsekvensar i samband med planprosessen, kvalitetsnivået er slik det vanleg på den tida, men mangelfull i forhold til dagens krav. Tiltaket hamnar ikkje under vedlegg I eller vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiing. Utfyllinga i sjø er allereie utført. Det er ikkje sett krav om KU.</p> <p>Verknadar av omregulering skal gjerast greie for i planomtalen, under dette må det synleggjerast at byggegrunn er trygg, då fyllinga ligg i sjø og det i den gamle planen ikkje hadde krav til grunnboring og vurdering av marin leire og trygg byggjegrund.</p>
<p>Planfaglege vurderingar</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kan kommunen rå til oppstart - grunngiving? Kommunen rår til oppstart av regulering, men då heile arealet som omsøkt, ikkje kun det avgrensa arealet som MRFK skal nytte. Det må avklarast formål og utvikling for resterande 30 daa. Må ha tett kontakt med innbyggjarar og ulike interessehavarar på Lepsøy, dialog om formål for 30 daa. Området er inngangsporten til Lepsøy og del av Nordøyvegen, ligg mellom sjø, småbåthamn og friluftsområde. Området kan passe til andre formål enn tradisjonell industri, som er formålet i dag. 2. Kva arealformål er aktuelle? Dagens gjeldande plan har formål industri. Administrasjonen ser føre seg at formål med kombinasjon av næring/turisme /friluftformål for området kan vere aktuelt. Dette kan opne for ulike former aktivitet knytt til Lepsøy som turmål/turisme /opplevingar. Området ligg i forlenging av Lepsøybrua og fyllingane for Nordøyvegen og har god plassering med utsyn, sjønært, naturnært og flott lys. Ynskje om medverknad frå lokalbefolkninga på Lepsøy rundt bruken av arealet. 3. Er det behov for ytterlegare avklaringar før ferdigstilling av referat? Kommunen og MRFK er samd i foreslepte formål og opplegg, men det er ikkje kommunen eller MRFK som er sannsynleg å utvikle området vidare, men kan legge til rette. Ein treng medverknad frå innbyggjarar og næringsdrivande på Lepsøy for å regulere området til eit areal som kan vere positivt for øya. Elles treng ein ei politisk avklaring i forhold til avvik frå kommuneplanen/gjeldande RP. Det er behov for politisk avklaring av avvik frå KPA. Grunnkartet er ikkje oppdatert i forhold til området, det ligg framleis som sjøareal. Det er heller ikkje oppmålte eigedommar for området

	<p>og har ikkje gbnr. Der er to eigedommar MRFK ikkje har oppnådd å få avtale om grunnavståing med.</p> <p>MRFK signaliserer at dei ynskjer å få gjennomført folkemøte/medverknadsmøte lokalt i samband med varsling av oppstart. Dette er positivt for den vidare planprosessen.</p> <p>4. Er det behov for politisk behandling pga. ueinigheit mellom kommunen og forslagsstillar. Der er ikkje usemje, men avvik i formål frå KPA må avklarast politisk.</p>
--	---

Planavgrensing

<p>Kart med planavgrensing</p>	 <p>Figur 4. Forslag til planavgrensing for detaljplanen, frå planinitiativ.</p>
--------------------------------	---



Figur 5. Plangrense SOSI lagt i webinnsyn

Planavgrensinga ser hensiktsmessig ut og tek med dei forholda ein meiner er naudsynt.

Gjeldande regulerings situasjon med planavgrensing



Figur 6. Gjeldande regulering, med planavgrensing for ny plan i raud stipla markering


Planen vil erstatte følgande planar i sin heilskap

Planen erstattar delar av gjeldande plan: Nordøyvegen- delområde 1 Skjeltene-Lepsøya-Austnes (19.09.2013).

Kommunen si tilbakemelding	Plangrensa er grei slik den er foreslege.
----------------------------	---

Viktige interesser, utgreiingsbehov og premisser for vidare planarbeid – førebels vurdering*

Barn og unge sine interesser	<p><u>Dagens situasjon/kartleggingar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Der er ikkje registrert barnetrakk på planområdet, då området var sjø sist barnetrakk vart registrert, området var utilgjengeleg. Området vert inngangsporten til å nå Lausundholmen som er friluftsområde, området kan få meir bruk av born på sikt, ein bør legge til rette for at området er tilgjengeleg for born. Etablering av leikeareal vil kunne gjere området til eit turmål for born. • Der er behov for medverknad i utviklinga av arealet for å ivareta og legge til rette for born og unge. <p><u>Krav til leikeareal:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje snakk om bustadutbygging eller anna form for utbygging med direkte krav om leikeareal.
Universell utforming	<p>Relevante skriv:</p> <ul style="list-style-type: none"> • TEK 17 • Kommunale normer <p>NKF sitt temahefte for universell utforming</p>
Eldre sine interesser	Behov for medverknad frå eldrerådet knytt til samferdselsdelen?
Jordvern og landbruksfaglege vurderingar, skogbruksinteresser	Ikkje relevant, området er utfylt område i sjø og har ingen verdi for landbruk.
Naturmangfald	Planområdet består av utfylt areal i sjø. Området inneheld på noverande tidspunkt ingen natur. I nærområdet er det registrert artar av stor forvaltningsinteresse og sårbare artar; Storspove, fiskemåke, gråmåke, tjeld, stær, storskarv, krykkje. Det er registrert eit stort funksjonsområde for artar direkte utanfor planområdet. Funksjonsområdet omfattar både sjøareal, holmar og skjer.



Figur 7. Funksjonsområde artar og planområdet

- Prioriterte/utvalde naturtyper:


Sjølve planområdet er utfyllt steinfylling i sjø, naturen som var der er allereie tapt. Planområdet grensar mot Naturtype etter DN-hb 13, eit større område med Kystlynghei (170 daa) – registrert som viktig. I same området er det registrert som Natur i verneområde – fastmarkssystem,- opne kalkfattig grunnlendt lyngmark, kalkfattig boreal frisk hei, lite tørkeutsette svært og temmeleg kalkfattig nakne berg.

- Der er eit større Dyrefredingsområde,- Løvsøyrevet fuglefredingsområde, verneformål er å ta vare på fuglelivet i eit våtmarksområde. Dette går akkurat utanfor planområdet.
- Der er også eit større Dyrelivsfredingsområde- Løvsøyrevet dyrelivsfreding, som også omfattar planområdet. Restriksjonen som gjeld her er at alle fugle og pattedyr er freda mot jakt og fangst, men det er tillate jakt på hjort og villmink. Har lite verknad for planområdet, men må omtalast i planomtale.

Planområdet har ikkje registrering av uønskte planteartar, men ved påføring av gro-massar som jord etc. må det sikrast at det ikkje tilførast framande artar.

Kulturlandskap og kulturminne

Planområdet har ikkje automatisk freda kulturminne, SEFRAK, vedtaksfreda kulturminne eller verneverdige bygningar/miljø. Området er utfyllt i sjø og består av tunellstein frå Nordøyvegen. Der skal ikkje fyllast meir i sjø.

<p>Strandsone, sjø og vassdrag</p>	<p>Planområdet ligg i heilskap i strandsone 100-metersbeltet, der er sjø på begge sider av arealet, i vest og aust. Utvikling av arealet må bidra til å gjere strandsone meir tilgjengeleg og opne for tilkomst og nærleik til sjø.</p>
<p>Grønstruktur-og friluftslivinteresser</p>	<p>Planområdet har ingen grønne verdier i dag. Området har funksjon som tilkomst/korridor til Lausundholmen friluftsområde og området har potensiale til å verte utvikla meir mot friluftsliv og opplevingar knytt til sjø og natur.</p> <p>Der er registrert friluftsområde på Lausundholmen, planområdet ligg som inngangsport til friluftsområdet på Lausundholmen. Planområdet bør utviklast for å forsterke og vidareutvikle fokus mot friluftsområdet, både når det gjeld landskapsutforming og funksjon.</p>  <p>Figur 8. Utsnitt syner kartlagde friluftsområde (rosa), friluftsdatabasen FRIDA (blå skravur), tilgjengeleg strandsone (grøn markering).</p>
<p>Estetisk utforming og omsyn til omgivnadane</p>	<p>Dersom det skal byggast bygningar i området, eks. innanfor samferdselsområdet som MRFK skal nytte, må byggehøgde, terrengbehandling, material og fargeval vise omsyn til at området er visuelt eksponert, både frå land, frå vegen og frå sjø. Høgde bygningar, sterk fargebruk og materiale med gjenskin må unngåast. Terrengt bør utformast og re-etablerast med bua former, slik ein kan skjerme indre planområdet og skape variasjon.</p> <p>Syne illustrasjonar korleis området vert sjåande ut frå avstand.</p>

Veg- og vegtekniske forhold, trafikktryggleik og renovasjon

Veg

- Positivt at planinitiativet legg opp til attraktivt tilbud for kollektivreisande i kombinasjon med rasteplass for vegfarande.

Plassering av leskur

- Vert lagt opp til ny tilkomst med avkøyrsløse frå Fv. 659. denne vert ivareteke av MRFK, etter SVV sine handbøker.
- Området som planleggast er utsett for vind frå sør-sørvest, med vind frå denne sida driv det ein del sjøkk. Vind frå sørvest er mest vanlege vindretninga og med vind frå 20 m/s og oppover.
- Området kan og vere utsett for vindar , med kastevindar på Lausundholmen.
- Skjerming i form av leskur bør planleggast for å legge til rette for reisande. Leskura bør plasserast slik at dei lagar le for vëret, der utgangen helst går mot aust.
- Slik vi les planinitiativet og den mellombelse skissa, er det foreslått å ha leskur med opning i sør-sørvestleg retning (sjå figur 1). Basert på ovannemnte, bør ein sjå på løysingar for å få snu desse leskura slik at opninga blir i austleg retning. Ei slik plassering vil og tene fylkeskommunen då leskura blir mindre utsett for vindtrykk og vindbelastning som kan gje potensiell skade ved ein storm/orkan.
- HC-parkering i tråd med kommuneplan arealdel

Trafikkforhold


- Prosjektet skal bidra til ein trygg tilkomst til området, og eit ryddig og trygt område for parkering, busshaldeplass og god trafikktryggleik for gåande og syklende gjennom planområdet. Ein har og teke omsyn til universell utforming, ein slik kollektivhaldeplass vil kunne avlaste vegnettet internt på Lepsøy.

Renovasjon:

- Krav om renovasjonsteknisk plan kan vere aktuelt, avhengig av utviklinga av området på 30 daa.
- Tilkomst for bossbil og snuplass, jf. Renovasjonsforskrifta.

Straum

- Bør leggast til rette for lading av elbilar i tilknytning til pendlarparkering.
- Nordvestnett er nettselskapet i Haram – ta kontakt med dei om straum.
- Straumbehovet til området vil dels vere avhengig av utviklinga av dei 30 daa i aust.

<p>Vatn, avløp, overvasshandtering</p>	<p><u>Vatn</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Bør utarbeide ein VA-rammeplan avhengig av utviklinga av området, 30 daa med litt uavklart bruk og behov. • Det vert levert kommunalt vatn til Lepsøy. • Utsnitt syner næraste kum med 160 mm leidning • Der er vassforsyning ned til hamna, men kun 50 mm leidning. • Ved tilknytning for regulert område vil det vere kummen vist med raud pil som er aktuelt tilknytingspunkt. • Tilstrekkeleg sløkkjevasskapasitet – krav om brannhydrant må avklarast-både mengd og trykk må avklarast. Behov for brannhydrant? • Kapasitet på sløkkjevattn må målast av utbyggjar.  <p><u>Avlaup</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Kommunen har ikkje offentleg leidningsnett i nærliggjande område • Må etablerast privat avløpsløysing og søkjast utsleppsløyve, brukarar over 50 pe – strengare krav. • Utslepp til sjø aktuelt? Der er naturvernområde og naturomsyn, samt langgrunn sjøbotn. Kan vere utfordrande med fall frå området til sjø, fyllinga ligg på ca. 1,5 m i dag. <p>Avlaup – behov, krav og løysingar må avklarast undervegs, også delvis avhengig av utviklinga av området på 30 daa.</p>
<p>Rekkefølgekav/ utbyggingsavtaler</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Mogeleg med rekkjefølgjekrav for leikeområdet synt i skissene, om det vert aktuelt vidare med leikeområde • Evt. for ferdigstilling av turveg • Ein ser ikkje behov for utbyggingsavtale <p>Evt. andre krav knytt til området på 30 daa, avh. av formål og planlagd utvikling.</p>
<p>Støy og støv/forureining</p>	<p>Der vil vere ein viss trafikkstøy frå vegen, men der er ikkje planar om bustadar eller fritidsbustadar innan planområdet.</p> <p>Dersom det vert planlagd støykjensleg bruk, må det gjerast vurdering av støy. Det er kun lokaltrafikk til Lepsøy som går langs dette området, der er ikkje kartlagt vegstøy i GIS-link for området langs vegen.</p>


Beredskapsmessige vurderingar/ROS-analyse

Der er tre tema for fare i tilknytning til arealet:

- Fare for marin leire – utrygg byggjegrunn (KPA)
Der må påvisast i reguleringsplanen at byggjegrunn på fyllinga er trygg, ikkje ligg på marin leire.
- Høgspentanlegg (KPA) – avstand til bygg.
- Flaumfare – havnivå stormflo, bølgepåslag
Fare for stormflo/bølgepåverknad må avklarast, særleg knytt til byggehøgde og høgd på fyllinga. Fyllinga ligg i dag på 1,5 m over havet, mens krava i kommuneplanen er 2,7 pluss bølgepåslag, som truleg endra på om lag 3 meter. Truleg må området hevast med ytterlegare fyllmasse for å stette krava.
- Vindpåslag må også vurderast, då området er utsett for sterk vind til tider.
- Forslagsstillar skal nytte Statsforvaltaren si sjekklister for risiko- og sårbarheit. Faremoment som måtte gå fram av sjekklister må vurderast nærare.



Figur 9. Utsnitt faresoner i KPA, marine avsetningar og høgspenteleidning.

	 <p data-bbox="501 947 1118 974">Figur 10. Utsnitt GIS-link, Havnivå og stormflo 2017-2090</p>
<p>Høyringspartar og behov for medverknadsprosessar</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Aktuelle offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om planoppstart (bruk kommunen si høyringsliste)*</i> 2. <i>Vurder behov for medverknad og prosessar for samarbeid frå relevant fagmynde, grunneigarar, festarar, naboar og andre partar som planarbeidet vedkjem*</i> 3. <i>(informasjonsmøte, skule, barnetrakk, eldreråd, ungdomsråd)</i>

GENERELT OM PLANPROSESS OG KRAV

<p>Krav til varsel om oppstart av planarbeid</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Forslagsstillar skal varsle oppstart av planarbeidet i minst 1 avis som er alminneleg lest på staden (avklart at det er greitt med Haramsnytt). Varsling skal innehalde vurdering av KU-plikt. 2. Kommunen legg varsel om oppstart ut på kommunen si heimeside. 3. Samstundes skal det sendast brev til offentlege instansar (sjå vedlagt høyringsliste), grunneigarar og naboar med orientering om planarbeidet, dagens og framtidig planstatus og formålet med planen. 4. Naboliste må bestillast frå Ambita, Norkart eller Proconet. 5. Høyringsfristen skal vere på minst 4 veker (lenger ved ev. ferie). 6. Referat frå oppstartsmøte skal sendast som vedlegg. 7. Forslagsstillar skal sende digital planavgrensing i gjeldande SOSI-format, samt varslingsbrev og annonsen, til kommunen for kontroll min. 5 verkedagar (1 veke) før avisannonse.
--	---

	8. Endeleg varslingsbrev skal sendast til kommunen min. 3 verkedagar før annonsering i avisa.
Kart og plandata	Digitale kart- og plandata kan bestillast frå kommunen sine kartløysingar og blir formidla via Ambita. Dei blir levert i formata SOSI, DWG eller DXF.
Krav til innlevering av plandokument	<p>Forslagsstillar/konsulent er gjort kjent med kommunen og plan- og bygningslova sine krav til planframstilling. Plandata skal oppfylle kommunen sine tekniske krav før planforslaget blir sendt til 1. gongs behandling.</p> <p>Kommunen sine krav og malar for planframstilling vil bli sendt direkte til plankonsulenten.</p> <p><u>Plandokumenta skal leverast i følgjande format:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Plankart i pdf-format og i gjeldande SOSI-versjon - Reguleringsføresegner i pdf- og word-format - Planomtale i pdf- og word-format - Ev. rapportar og utgreiingar i pdf-format <p><u>Andre dokument:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Kopi av kunngjering, varslingsbrev og adresseliste - Kopi av innspel ved oppstart av planarbeidet - Ev. illustrasjonar <p>Alle plandokumenta skal sendast kvar for seg og direkte til kommunen, ikkje via tilsendte lenkar. Planavdelinga ønskjer ein god og konstruktiv dialog før planforslaget vert levert inn til behandling.</p> <p>På bakgrunn av kommunen sine skrive-/ arkiveringsregler og for at dokumenta lettare skal kunne skiljast frå kvarandre, så må dokumenta som blir sendt til kommunen gjevast eintydige og beskrivande filnamn. Følgjande namnsetjing skal brukast:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. plankart – datert xx.xx.xxxx 2. reguleringsføresegner – datert xx.xx.xxxx 3. planomtale - datert xx.xx.xxxx 4. osv.
Framdrift	Sakshandsamingstid frå komplett planforslag er mottatt til første vedtak i saken, er 12 veker. Jf. Plan og bygningslova.
Plangebyr	<p>Plangebyr på kommunen si heimeside Gebyr på tenestene i Haram kommune 2024</p> <p>Område regulert til offentlig trafikkområde skal ikkje takast med i gebyrberekninga (gebyrregulativ Haram kommune §2-6).</p> <p>I følge §2-1 i gebyrregulativet kan det takast gebyr for offentlege planar, dersom dei inneheld kommersielle interesser. I tilfellet med</p>

	detaljplan for Lausund vil fylkeskommunen regulere 30 daa ekstra, etter ynskje frå kommunen. Dei 30 daa vert altså teke med i planen, i tillegg til dei 14 daa dei skal bruke sjølv. Haram kommune vil difor ikkje ta gebyr for dette arealet på 30 daa. Det er uklart om desse 30 daa vil innehalde potensiale for kommersielle interesser på sikt, då ein ikkje veit kva formål området skal nyttast til. Resterande 14 daa er offentleg trafikkområde og skal ikkje takast gebyr for.
--	--

STADFESTING OG ATTERHALD

Kommunen sine vurderingar er faglege, generelle og av foreløpig karakter. Naboprotestar, fråsegner frå offentlege etatar og politiske vedtak m.v. vil kunne bringe inn nye moment eller føre til krav om/behov for endringar i planarbeidet undervegs. Oppstartsmøtet skal avklare aktuelle tema og spørsmål, men skal ikkje avgjere viktige punkt som skal utgreiast i vidare planprosess fram til endeleg politisk vedtak.

Referat godkjent og kopi mottatt:

Kr.sund, 15. mai 2024



(Sted, dato, underskrift forslagsstillar)

Med helsing
Hege C Sandnes Gjørund
seniorrådgjevar
Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi til:

Bent Leite
Ina Alvestad
Inger Synnøve Remme
Jan Kristian Skåravik
Karl-Håkon Farstad Eriksen
Øyvind Koppen Krogsæter